

Hovland

– grend med tradisjonar

Hovland heiter grendi som ligg høgt oppe i lii midt mellom Vik og Vangsnes. Hovland var fram til 1964 ein del av Balestrand kommune. Her er det to bruk der i dag berre bruk 1 vert drive.

På Hovland har det vore eit allsidig virke opp gjennom tidene, og herifrå har Balestrand fått to ordførarar, Per T Hovland og sonen Per P Hovland. Per T var og stortingsmann i si tid.

Jordbruk, skogsdrift, båtbyggjing, båttransport, sagbruk og skule er stikkord for aktiviteten på Hovland.

Me har fått inn mykje arkivmateriale frå Hovland, deriblant ein skuleprotokoll, ei kassadagbok for motorbåten «Fridtjov» og ei rekneskapsbok frå garden. Desse skal me ta spesielt for oss, og elles fortelja om Hovland og dei som har budd der.

M/B «Fridtjov»


Kassadagboki for motorbåten «Fridtjov» er frå åri 1913 til 1917. Her er det mykje interessant å lesa, både om kva oppdrag båten hadde, prisar og kva som vart frakta. Båten hadde desse åri skyss av dei offentlege tenestemennene dokter, prest og lensmann. Ei anna yrkesgruppe som var avhengig av båt på denne tid, var dei handelsreisande. Dei var det mange av, og det vart mange turar for motorbåten med agentar. Stundom reiste fleire i lag.

Konfirmantar, post, Det norske teater, flåting

Konfirmantane på Vangsnes og Hovland måtte til Balestrand for å få undervisning. Truleg reiste dei fram og tilbake same dag, medan dei frå Arnafjord som var til Vik, måtte ofte overnatta. I 1913 frakta Per Hovland fire konfirmantar til Balestrand for kr 1.20, det var ikkje rare betalingi, men Per ville vel ikkje ta så mykje for å skyssa dei unge gutane og jentene over fjorden.

Postrute til Vik var eit fast oppdrag for Hovlandsbåten, og prisen var 15 kr for turen Vangsnes – Vik.

Den høgaste summen for skyss i 1913 finn me for skyssing av Det norske teater for kr 134, dette tyder jo på at dei for



Flyfoto fra Hovland som syner husi både på bruk 1 og 2, bruk 1 til høgre. Det kvite vaningshuset vart bygt av Helge Ligtvor, arbeidet starta i 1902-03. Tollak Tryti murte grunnmuren, han var mykje nytta som gråstemsmurar. Heilt til høgre ser me brystet på gamlastova, og attmed der vedhuset og driftsbygningen. Bak flaggstongi verkstaden, og lengst til høgre smia, som i dag er rivi ned. Til venstre på biletet vaningshus og driftsbygning på bruk 2



Frå den tidi Per T Hovland dreiv som skippar, her i lag med andre skipparar. Bak til høgre er truleg Hans Soreide, Per sit, dei andre er ukjende. Biletet er teke i Bergen på ein av turane desse karane hadde til byen, biletet er teke i 1880- eller 1890-åri.

rundt med skodespel så tidleg som i 1913.

Me finn og at motorbåten dreiv mykje med flåting. Nicolai Erdal som hadde sagbruk nede på Øyri, bruka motorbåten til å flåta tømmer til sagbruket.

Vidare vert det turar med heradstyret i Balestrand til Fjærland, og turar med skulestyret.

Oppdrag for keisaren

Keisar Wilhelm II sine opphald i Sognefjorden frå 1889 til 1914 har og sett sine spor i kassadagboki for «M/B Fridtjov». Båten hadde fleire oppdrag med å skyssa dei tyske marinefolki kringom i fjorden. «Marinefolk tyskere til Vangsnes», «Tur til Fjærland marinefolk Rostock», «Kaproingen ved keiserskipet», «Hohenzollern mandskaper til Vangsnes» og fleire andre slike turar er det notert om.

Mange turistar alt i 1913

1993 har vore eit rekordår for turismen i Sogn, men turismen er ikkje noko nyare «fenomen» i Sogn. Det visste me frå før, og det biletet vert stadfesta ved lesing av alle skyssoppdrag. Per T Hovland hadde med turistar. Det var skysning av turistar til Vangsnes, Vik, Fjærland, Gudvangen og Flåm, eller turistane tek seg ein «times tur» på Sognefjorden.

Mange turar til Bergen

«M/B Fridtjov» var mange turar til Bergen og ofte med eigi eller andre sine sognejekter på slep. 6. september 1915 står det: «Per Hoves jekt slep fra Bergen kr 25».

Motorbåten hadde med varer til Bergen som kjøt og poteter og tok med heim andre varer, ikkje minst til forretningane i Vik. Me finn ein stad: «2 fat olje til Foreningen, Gjerløv 2 fat Petroleum og koks til landhandlar Rivedal».

Blauw ved talkumfabrikken i Arnafjord nytta seg ofte av motorbåten, det står slik som «Tur til Bergen-Blauw» og «Slep til og fra Bergen Blauw».

På ein tur til Bergen les me at motorbåten brukte 45 timar, det må nok då vera med ei jekt på slep. Den turen kosta i 1915 135 kr, dvs kr 3 pr time.

Me finn og at båten hadde nokre turar til Rosendal.

Bilete av forholdi

Ei slik skyssbok fortel oss faktisk ganske mykje om livet i sognebygdene

for 80 år sidan. Fjorden var ferdavegen og var ikkje som no eit stengsel. Me ser for oss agentane som for og rak innover dei isolerte bygdene, isolerte, men likevel oppdaga av turistane som då som no ville oppleve det uforstyrta og fjordar, fjell og fossar.

Men alt var meir tungvint, borni måtte langt for å få konfirmantførebuing og folk, dyr og varer brukte lang tid på å koma dit dei skulle. Det var ikkje spøk å bli sjuk og bu isolert til, det tok si tid å få tak i dokter.

Alt i alt eit godt bilete av leveforholdi for 80 år sidan.

Rekneskapsbok frå 1894

Blant papiri frå Hovland har me og ei rekneskapsbok som startar året 1894 og siste notering er i 1946. Her får me høyra om utgifter og inntekter, kva som vart kjøpt til garden og kva dei selde. Heilt andre prisar enn no, i 1894 står det



Det har vore mange tenestefolk på Hovland opp gjennom tidene, vanleg var 7-8 stk i arbeid om somrane. Den sterkaste drengen som har vore på Hovland er Lars Ruskedal som me her ser bilete av, han tok seinare namnet Sognnes. Lars er far til Anton Sognnes, og Lars var dreng på Hovland i 8 år. Ein gong rodde han ein seksæring åleine til Vik, på heimatturen rodde han forbi to bønder utafor Djuvik i kvar sin færing. Lars laga seg slik at då dei kom forbi naustet drog han akkurat opp seksæringen og over stokken inn i sjølve naustet, åleine med handamakt.

at det vart kjøpt ein hammar for kr 1.90 og ei amerikansk øks for kr 2.80.

Arbeidskraft trengde ein i rikt monn på gardane for 100 år sidan. Hans Vikøren fekk kr 21.33 for 16 dagars arbeid, det vert kr 1.33 for dagen. Sigrid Dybevik fekk 1 kr for to dags arbeid, Petrine Løland fekk 3 kr i festepengar, og i hyrepengar fekk B. Vangsnes kr 3 og A. Systad kr 4.

Men inntekter hadde dei og. Sprake har vorte valt til fylkestre i Sogn og Fjordane, og sprake er det mykje av på Hovland. Me finn at i 1894 vart det selt 180 einepålar til Anders Seim for kr 26. Elles selde dei material og eple, og hasselnøtter plukka dei og selde. Botolf Vangsnes kjøpte 1 kanne nøtter for kr 0.40 i 1894.

Hovland sag- og kassefabrikk

Skogsdrift har frå gamalt av vore viktig på Hovland. Vanleg var å hogga 10-12 mål ved for vinteren som dei selde. Per T. Hovland bygde sag som fyrst-stundes vart driven med vasskraft. Då hogg dei tømmer på Hovland, skar opp material og selde. Men det har og vore ein kassefabrikk på Hovland. Dei byrja fyrst å produsera fruktassar, 30 kg og 20 kg kassar. I byrjingi fekk dei 90 øre kassen. Dei leverte kringom i Sogn, dei selde heile motorlaster, mykje til fruktbygdi Systrond. Seinare når det vart slutt på trekassane til frukt, vart det laga ostekassar til Vik Meieri, det var 3 og 6 kg kassar som vart nytta til gamalost.

Salsjordbruk

Dei har ikkje berre levd av kjøt- og mjølkeproduksjon på Hovland, tvertimot, det har berre vore ein liten del av det som vart produsert og selt frå Hovland. Eg har alt nemnt ved, material og kassar. På Hovland hadde dei og store vedkundar som Vik sjukestove, Vik Bedehus og andre. Me ser og i papiri at dei leverte material til sløydskulen i Vik i 1942.

Men dei selde og mykje poteter, og dei selde bl.a. til Kviknes hotell og til Vik Bygde- og Sjukeheim.

Vidare vart det dyrka mykje frukt og litt bær på Hovland, noko som vart selt privat eller levert til Vangsnes fruktlager. Frukttrei var planta på eit 5 mål stort stykke Hovland-garden eig på Vangsnes.

Med andre ord stor breidde i produksjonen og evne til å omstilla seg etter kvar det var pengar å tena.



Sjur Sørestrand med 8 skuleborn og familien sin. Dette er ikkje elevar på Hovland skule, men frå ein skule Sjur Sørestrand flytta til etter tidi på Hovland.

Skule på Hovland

Det har vore skule på Hovland i si tid, fyrst var skulen i Djuvik, men i 1909 flytta ein til Hovland. Undervisningi føregjekk i det nye våningshuset på Hovland i andre etasje i eit rom som vart kalla Skulesalen. Det er enno kart og gamle bøker att på Hovland, og ein skuleprotokoll som me har fått sett i. Skuleprotokollen går fram til skuleåret 1925/26, det er litt usikkert om der var skule lenger.

Desse har vore lærarar der:

Sjur Sørestrand	1909-1913
Johannes Husabø	1913-1918
Ødejord	?
Tor Hovland	1918-1919
Anders Skarestad	1919-1920
Eljertrud Bøyum	1920-1921
Tor Hovland	1921-1923
Marit Kvam (Bøyum)	1923-1926

Då det var skule i Djuvik, var det ein Helltveit og ein Klingenberg som var lærarar der. Johannes Husabø var bror til kona til Hans Husabø, og Anders Skarestad var ein agronom frå Fjærland som var lærar berre ein vinter på Hovland. Det var vanskeleg å få lærarar, difor vart han tilsett sjølv om han ikkje hadde lærarutdanning. Marit Kvam som var siste læraren på Hovland, hadde halv post i Fjærland og halv post på Hovland. Ho skulte 14 dagar om gongen på kvar plass. Ho var frå Valdres og vart gift Bøyum i Fjærland.

9 veker skule

Så lang skulegong hadde ikkje borni

på denne tid. I fylgje protokollen gjekk dei 9 veker for året fram til 1912/13, deretter 12 veker for året fram til 1915/17, då vart det 14 veker og endelig frå 1919/20 vart det 16 veker undervisning for året.

Fyrste året i 1909 var det 9 elevar på Hovland, og det er elevar frå Hovland, Djuvik, Gotevik og ein elev med etternamnet Vangsnes. Elles var det elevar frå Øksdal og borni til Hans Husabø som gjekk på skulen på Hovland. Elevane var delte i øverste og nederste avdeling etter alderen. Elevtalet ligg mellom 8 og 14 elevar alle åri.

At det ikkje lenger vart skule på Hovland, skuldast truleg at der vart for få born.

Fråvære

Det var ein del fråvære pga alvorlege sjukdomar. Spanskesykja herja i 1918/19, det var ein slags influensa. Me ser at Martha og Olga O Gaatevik og Ingebrigt B Øksdal er borte ca. 14 dagar pga spanskesykja dette skuleåret, og i 1912 er Kari Olsdotter Gaatevik borte 24 dagar pga difteri med ettersjukdom.

Karl Feten

Hausten 1925 byrja det ein elev på skulen på Hovland som ikkje hadde eit etternamn som ein ventar å finna. Då byrjar ein Karl Feten frå Fjærland, han var ein gut som hadde vore på Sogn

Karl Feten på sine eldre dagar, han kom til Hovland som gutunge frå Sogn Barneheim og der vart han verande.

Barneheim. Han vart verande på Hovland alle sine dagar som dreng, og der døydde han i 1984.

Slekt bruk 1

Gardbrukar **Helge Olsen Ligtvor** 1799-1884 gifte seg i 1822 med **Bothilde Nilsdtr Limmesand** 1792-1871.

5 born:

– Brita 26.9.1821-10.1.1822

– Ola 1823

Vart bonde på Ligtvor

– Nils 1826

Vart og bonde på Ligtvor, delte garden

– Ola 1829

Flytta til Vangsnes i 1862. Gift med Guri Olsdtr f 1837. Fekk bruk 14a, hadde 10 born

– Tor 1835-1897

Vart gardbrukar på Hovland

Tor Helgesen Ligtvor 1835-1897 gifte seg i 1865 med **Anna Nilsdtr Tryti** 1843-1916, dei hadde bruk 1 på Hovland frå 1865 til 1894.

7 born:

Lovisa 1866-1944

Gift med Eirik Tveit (bror til Brita) 1864-1964.

Brita 1868-1957

Vart gift med gardbr Ole Eknæs (1868-1941), Nedre Eiker, 4 born.

Per 1870-1957



Gift i 1894 med Brita Persdtr Tveit
1869-1960

Gjørld 1874-1942

Gift i Svelvik m/smed Sigvart Landås
(1872-1952). 7 born.

Helge 1879-1964

Overtok Tømmerås. Gift 1. gong Anna
Borgersen (1882-1908) frå Sande i
Vestfold. 2 born. Gift 2. gong i 1911
med Turid Olstad (1885-1959) frå
Åmli. 9 born.

Kristine 1882-1944

Gift med Tollef Eknæs (1885-1961),
Nedre Eiker, gardbrukar og heradskas-
serar. 4 born.

Nils 1887-1958

Ugift, starta Hovland Sag i Svelvik.

Anna Nilsdtr Tryti f 1843 sine foreldre
var gardbrukar Nils Nilsen Tuchsén
Sæbø f 1809 og Gyrid (Gjori) Tol-
laksdtr Seim, dei gifte seg i 1836. Nils
var frå bruk 4 på Tryti.

Per Torson Hovland 1870-1957 gifte
seg i 1894 med **Brita Persdtr Tveit**
1869-1960. Overtok bruket på Hovland.

8 born:

Tor 1895-1974

Gift med Signe Steinsnes. Lærar og
klokkar.

Anna 1902-1988

Ugift, arb. på Misjonshotellet, Bergen.
Kom heimatt, arbeidde på Hovland.

Signy 1904-1987 Som Anna

Peder 1896-1899

Vart forbrend ved å få kjele over seg

Sigurd 1898-1899

Per 1900-1982

Dreiv bruket, ugift, 14 år som ordførar i
Balestrand.

Teodor 1906

Dreiv garden i lag med Per, bur på Hov-
land

Synneva 1910-1992

Gift med apotekar Karl Sunde. Budde
Stavanger, Høyanger, Bergen



*Tor Helgesen Ligtvør 1835-1897 og Anna Nilsdtr Tryti 1843-1916 med dei sju born-
ni. Den fyrste sjølveigaren på Hovland Per Markussen og kona Lussi Arnfinnsdtr
Seim var barnlause, dei tok til seg Anna, og ho vart arving etter dei. Slik fekk Tor
og Anna skoyte på garden i 1865.*

*Attmed foreldri framme sit Nils og Kristina. Frå venstre bak står Helge, Per, Lovi-
sa, Brita og Gyrid. Per 1870-1957 overtok garden.*



*Per T. Hovland, 1870-1957, og kona Brita Persdtr. (Tveit), 1869-1960, med born.
Bak: Tor (1895-1974), Synneva (1910-1992), Per (1900-1982) og Teodor f. 1906.
Framme til venstre: Anna (1902-1988) og Signy (1904-1987).*

Me ser gamle kommunehuset i bakgrunnen. Biletet er truleg teke tidleg på 50-talet.

*Per Hovland var den fyrste ordføraren som førde moteboki på nynorsk i Bale-
strand, det skjedde fyrste gong 12. januar 1923. Sidan har nynorsk alltid vore nytta.*

Slekt bruk 2

Det har vore eit bruk 2 på Hovland sidan 1865, og det er sagt at det er tiendeparten av heile Hovland. Fyrste brukaren her var Sjur Lassens Vangsnes f 1794, ingen av borni ville overta bruket og det vart selt. Sidan den tid har det vore svært mange eigarar av bruk 2 og mange har berre vore der kort tid. Eigarar etter Sjur: Johannes Hallvardson Trædal, Nils Jonson Helleland, Kristian Torvund, Ingebrigt Ellingson Fretteim, Elling Hovland og i dag er Arnfinn Instebo, Bergen eigar. Han er son til Ida Instebo (syster til Elling). Bruket vert ikkje drive og er nytta til beite.

Ingebrigt Ellingson Fretteim

1871-1946 kjøpte bruk 2 på Hovland av Kristian Torvund. Ingebrigt vart gift med Larsine Lassedtr Svalhamar 1870-24.12.1966 frå Lavik. Både han og Kristian tok namnet Hovland.

Ingebrigt sine foreldre var husmann og røkkedreiar Elling Tolleivson 1843-1878 frå ein husmannsplass under Fastinggarden i Ortnevik og kona Anna Christensdtr Aasberget 1844-1913. Dei busette seg ned ved sjøen på Fretteim i Indrefjorden, plassen vart kalla Fretteimsoyri.

Elling og Anna hadde tre born:

Ingebrigt	1871-1946
Kari	1875-1955
Sigrid	27.10.1877-5.11.1877

Syster til Ingebrigt, Kari, vart kalla Kari Øyri, men ho skreiv seg for Kari E



Kari E Fretteim 1875-1955, syster til Ingebrigt E Fretteim (Hovland). Ho var budeie på Mytingen, her mellom Anna og Signy Hovland.

Fretteim. Ho var tenestjente og budeie på stolar, mykje på bruk 1 på Hauglum på stølen Turdalen og heimstølen Hedlerane. Men seinare var ho budeie på Hovland, på Mytingen.

Kari var kry av å ha same fødselsdag som kong Hakon. Då ho var opp i ari, flytte ho til Hovland. Så vart det ordna med eit lite hus til ho i Djuvik, men til sist hamna ho på aldersheim i Balestrand. Der var ho berre kort tid før ho døydde i 1955.

Ingebrigt og Larsine hadde 5 born:

Sittona	1894-1965
---------	-----------

Ugift, tenestjente. Lenge hjå Hans Thorsen til ho døydde

Elling	1897-1979
Overtok bruk 2 på Hovland, ugift	

Ingeborg	1900-1991
Gift med Eirik Groneng, Balestrand	

Ida	1907
Gift med Hans Instebo, Balestrand	

Lerv	1911
Ugift, har arbeidd Balestrand, Førde	

A. I. Sabo

Per T. Hovland

Å skriva om bestefar på Hovland er det same som å bla i mi eiga minnebok. Det eg kan fortelja, har eg til dels høyr fortalt, til dels lese og til dels opplevd sjølv. Mi eiga oppleving av ein som stod meg nær vil nok fargeleggja det eg skriv om han.

Barndom og ungdom

Per T. Hovland var fødd den 17. oktober 1870. Mora, Anna Nils-dotter, var frå Tryti. Men som småjente kom ho til tanta si på Hovland. Ho og mannen hen-

nar var barnlause, og Anna vart som ei dotter for dei. Faren, Tor, kom frå Liktvor. Då han overtok Hovlands-garden saman med Anna, tok dei Hovland som slektsnamn.

Per var eldste sonen til Anna og Tor. Det var visst noko tvil om kva han skulle heita. Etter skikken skulle han kallast opp att etter farfaren sin, Helge Liktvor. Men gamle-bonden på Hovland heitte Per, og frå den kanten var det ynske om at dette namnet skulle først vidare.

Det vert fortalt at då Anna kom til

gards med guten då han var døypt, kom tanta i møte med henne og spurde: «Vart da Per no dao?» Ho var ikkje trygg før ho fekk det stadfest.

Om barneåra hans veit eg lite. Bestefar fortalde ein gong at han vart send til fjells med mat til faren og arbeidsfolka hans då dei sette opp eit steingjerde ved stølen.

Det var nok litt av kvart ein gutunge kunne hjelpa til med, og for han som skulle overta garden var det viktig å ta del i arbeidet så tidleg som mogeleg.

Dei to bruka på Hovland låg einsamt til, så det var lang veg til leikekamera- tar. Men syskenflokken var stor, og det var rikeleg med plass til å tumla seg på. Han skreiv ein gong noko frå barndom- men sin i Sognevarden, og der går det fram at det var plass til livleg leik og – ikkje berre arbeid.

Hugen hans stod til skulegang. Han fortalde ofte at han gjerne ville verta prest.

Men tilhøva låg ikkje til rette for det. Den einaste skulegangen han fekk utan- om folkeskulen, vart ein vinter på folke- høgskulen i Sogndal 1890-91.

Seinare i livet las han mykje – ikkje minst kristelege oppbyggingsbøker. I bokhylla hans var det ikkje lite av slik litteratur. Den teologien han ikkje had- de nokon eksamen i, fekk han likevel god greie på.

Avskil med familien

I 1893 kjøpte Tor Hovland garden Tømmerås i Svelvik, og året etter flytte han dit med kona og dei fleste av borna.

Dottera Lovise var gift på Tveit. Per overtok Hovland, og systera Brita skul- le stella for han inntil vidare. Ho reiste seinare etter til Svelvik.


Det var ingen lett situasjon for ein ungdom å stå att med ansvaret for gardsdrifta. Broren Helge fortel at han hadde det ikkje så godt då han sag båten med foreldre og sysken dra ut fra Vik. Det har han og Per heilt sikkert snakka om seinare i livet.

Men heilt åleine var han ikkje. Foru- tan dei to søstrene hadde han slektning- ane sine på Liktvor og på Tryti. Dei var nok til god hjelp både med råd og dad. Frå min eigen barndom hugsar eg at det vart lagt vekt på slektsbanda til dei to gardane i Vik. Om han hadde hug til å slå fylgje austover, er ikkje så godt a seia. Det var nok på tale. Helge Hov- land fortalde meg ein gong at dei hadde sett seg om etter ein gard til han i nær- leiken av Tømmerås. Det hadde til og med vore tale om kjøp. Men då det bar til stykket, valde Per å verta verande på Hovland. Helge meinte at det var Brita som ikkje hadde hug til å reisa. Hennar slekt var på Vangsnes og i Fjærland, og det er ikkje til å undrast på at når ho skulle verta Per si kone, såg ho helst at han vart verande der han var.

Tor og Anna fekk ikkje så veldig stor glede av flyttinga. Tor fekk tuberkulose og døydde alt i 1897. Anna vart ramma av slag og var pleietrengjande i mange



Desse tre brøne frå Hovland likte å fotografera seg når dei kom i lag, her eit bile- te teke i Christiania. Fra venstre Helge, Nils og Per T. Hovland. Per var fødd 1870, dette biletet må derfor vera teke mellom 1890 og 1900. Staute karar med urkjede, sigarar i hendene, og Per held ei bok det står Zurich på.



Garden Tømmerås ved Svelvik med stor driftsbygning og stort våningshus. Me ser og stova tenestfolki på garden budde i. I dag er det lite att av garden, mesteparten er selt til tomtar.

år. Ho døydde i 1916. Etter at Tor had- de vorte sjuk, kom dei to heim til Hov- land ein gong. Då var han så dårleg at han ikkje greidde å gå opp den vanlege vegen – dei fann ein veg der bakkane var mindre bratte. Etter denne siste vit- jinga fylgde Per dei attende til Svelvik.

Gravminnet til Tor og Anna er fram- leis å finna på kyrkjegarden i Svelvik.

Kontakten med «Austlandsslekta» vart halden vedlike i alle år. Per hadde eit nært forhold til syskena sine. I Stor- tings-tida fekk han høve til å vitja dei forholdsvis ofte. Det vert fortalt at då

samlast dei, alle syskena, og praten gjekk på Sognamål. Dei to brørne hans var flittige gjester når det var eitt eller anna å feira på Hovland. Ved eit av desse høva – eg meiner at det var i bestefar sin åttiårs-dag, heldt broren Helge tale. Den gjorde inntrykk på meg. Han fortalde at dei hadde hatt det strengt i barneåra på Hovland. Men dei hadde fått mykje godt med seg og. På båtreisa ut Sognefjorden til denne fødselsdagen, hadde han og den yngste broren, Nils, snakka saman om dette. Og Helge hadde sagt: «Når vi no kjem til Hovland, må vi gå opp i den gamle stova og takka Gud.»

I seinare år kom det nokre av slektningane frå Austlandet på vitjing så å seia kvar einaste sumar. Det gjorde at også neste generasjon heldt kontakten ved like. Det var sterke band som knytte etterkomarane etter dei som drog austover saman med slektningane på Hovland og på Tveit og i Djuvik.

Familieliv og livssyn

I 1894 gifte Per seg i Bergen med Brita Persdotter Tveit.

Det vart ikkje noko bondebryllup på heimstaden. Hans næraste familie var langt borte. Ho hadde mist faren sin tidleg – det var greiast å feira bryllup i enkle former. Men brurebilete tok dei. Ei av døtrene hans fortalde at skorne som han hadde på seg som brudgom, hadde han sydd sjølv.

Brita og Per Hovland fekk 8 born. To gutar døydde små – den eine ved ei tragisk ulukke. Men seks voks opp, og fire av dei vart verande på garden i all si tid, så å seia.

Gamlestova vart for trang etter kvart, og Brita og Per reiste ein ny heim med vakkert utsyn over fjord og fjell. Men gamlestova vart ståande. Den vart mykje brukt som verkstad. Og hagen på sorsida vart verna om av bestemor.

Heim og familieliv – Guds frykt med nøgsem

Per kjende tidleg kallet til kristen omvendning. Kor radikalt omskifte dette vart, er det vanskeleg å seia. I heimen hans var Bibel og andaktsbok i bruk. Hja nevøen Tor Hovland i Våler i Østfold fekk eg sjå Bibelen og andaktsboka som Tor og Anna tok med seg då dei reiste austover. Og Per hadde som nemnt hug til å verta prest.

Men han var ein glad gut, og han var så smått med og spela fele når ungdom-

mane samlast til leik og dans. Dette samsvara ikkje med det som vart forkynt av bibelboda som reiste rundt som forkynnarar på den tida.

Han fortel sjølv i eit hefte som kom ut i samband med Midtre Sogn indremisjon sitt sekstiårs-jubileum at han streva med åndelege spørsmål omlag ved hundreårsskiftet. Det vart serleg aktuelt ved eit møte ved bibelbod Ola Nesse på grannegarden.

Men «truleg skulde byrdi verta meir tung fyrr utløyisingi kom», skriv han.

På gravferdsdagen hans fortalde eldste sonen om eit oppbyggingsmøte i gamlestova på Hovland i 1903 ved emissær Hopland i «gamlemisjonen.» Sonen Tor var då 8 år gamal, og han kunne hugsa at faren var så rar. Han trudde at han var sjuk.

Men det var noko anna som stod på. Den kvelden ga den unge bonden seg over til Gud. Det vart retningsgjevande for han for resten av livet.

Han kunne nok vera ein streng husfar. Det var ikkje alt som var tillate for dei som vaks opp på Hovland. Som barnebarn opplevde vi det noko spesielt at vi skulle seia De når vi snakka til til bestemor og bestefar. Vi visste ikkje om andre som gjorde det. Heller ikkje deira eigne born sa du til foreldra sine. Det låg noko høgtideleg i tiltaleforma, men det virka ikkje stivt eller kunstig. For meg vart det eit problem når eg motte

bestefar på morssida. I den familien var ikkje tiltaleforma De vanleg, men eg fekk meg ikkje til å seia du heller, så eg prøvde å halda meg unna direkte tiltaleform der.

Men jamvel om det kunne vera noko strengt, og det var reglar som måtte fylgjast, var det trygt og godt å vera på Hovland.

Vi som tilhørte ein yngre generasjon, opplevde mykje varme og omsorg der.

Noko av det eg hugsar best, er andaktslivet. Etter kveldsmaten kunne bestefar koma med ei andaktsbok og lesa og be. Passa ikkje det, hørte vi at han og bestemor heldt bøn i kammerset etter at dei hadde lagt seg.

Sundagen var spesiell. Det var lang kyrkjeveg, og ikkje gudsteneste så ofte på Vangsnes. Men det var gudsteneste på Hovland. Mine første minner om det er frå krigstida då dei var utan radio. Bestefar samla folket sitt ved gudstestetida, delte ut salmebøker, las først frå ei bok – sannsynlegvis ei tekstbok, sidan frå ein postille. Han bladde og bladde – eg tykte aldri han vart ferdig. Men høgtidsamt og fint var det.

Då krigen var slutt, vart det å høyra gudstenesta i radio. Det var og spesielt. Bestefar fann salmenummera i radio-programmet, delte ut salmebøker til alle, og så var den vesle kyrkjelyden med i salmesong og liturgi. Det var nok



Frå arbeidet med veg til Hovland på 30-talet. Me ser frå venstre Leif Husabø, Teodor Hovland, Olav Øksdal, Elling og Per Hovland, Anders Øksdal, Per T Hovland og Torstein Lindborg. Han var ein emissær som var ein flink skytebas.

Per T Hovland hadde arbeidd kjerreveg til Hovland åleine, og denne nye vegen vart bygt som gards- og grendeveg med tilskot frå kommunen. Seinare overtok Vegvesenet.

ein god måte å bruka radiogudstenesta på. At bestefar kjende fleire av dei prestane som preika i radio, gjorde det noko meir personleg enn det ville ha vore elles.

Gardsdrift og anna arbeid

Garden var tungdriven og kravde mykje. Dei måtte ha arbeidsfolk til hjelp, så hushaldet vart stort. I dei seinare åra var ikkje dette naudsynt, då to av døtrene og to av sønene hadde sitt arbeid på heimegarden.

Dei som drog austover, tok med seg ein god del av husbunad og reiskap. Bestefar hadde godt handlag, og han laga ein god del av det han trengde sjølv.

Slåtten varde lenge på Hovland. Når storslåttan var ferdig, var det til med stutturven for å få med seg mest mogeleg for til kyr og sauer. Om hausten lauva dei ein heil del. Av åkerbruk var det mest potetdyrking. Men dei dyrka og korn – eg hugsar at det var serleg aktuelt under krigen.

Noko som eg var imponert av, var eit komplisert treskeverk som vart drive av eit vasshjul med eit imponerande system av reimar og hjul. For å få nok vatn til å driva det, måtte dei leia ekstra vatn til Hovlandselva. Så når det var tresking på gang på Hovland, vart det mindre vatn i elva til Øksdal og Tveit.

I seinare år vart det dyrka ein del bringebær til salg. Frukt-dyrking vart det og ein del av, både på Hovland og på «Vangsnesstykket» som bestefar kjøpte. Om vinteren var det skogsarbeid. Dei hadde eige sagbruk og dreiv produksjon av fruktkassar.

Vegen opp til Hovland var ikkje så god. Bestefar sette i gang med vegbygging, og draumen hans var nok å få bilveg til gards. Det fekk han ikkje oppleve. Det er underleg å tenkja på at den første bilen som kom til Hovland, var den doktoren køyrde då han hadde fått slag og låg på det siste. Ei av døtrene fekk sagt til han: «Doktoren har køyrt i dag.»

Telefon ville han og gjerne ha. Det vart å reisa stolpane og få lagt lina for eigen kostnad.

Elles var Per kjend som båtbyggjar. Far hans hadde drive frakt til Bergen med ei jekt som heitte Anna – etter kona hans.

Når bestefar bygde jekt, fekk den namnet Britania – etter kona og mora – eller eldste dottera alt ettersom. Han



Her er det ein hamar som må skytast vekk. All boring føregjekk på gamlemåten, og det var eit tungvint og hardt arbeid. Det var særleg om hausten dei dreiv på med vegbyggingi.



Det er Knut Trå som var lærar på Vangsnes, som har teke desse bileti. Her er gjenngen samla att, og no er kona til Knut Trå med. Dei kom for å sjå på «storprosjektet» på Hovland.

bygde ein motorbåt som heitte Fridtjof og fleire lekterar som han selde til hamnevesenet i Bergen. Når det var båtbygging på gang, vart det engasjert mange folk. Naboen, Ingebrigt Hovland, var nok ein nøkkelperson på det området. Han hadde godt handlag og var ein flink snekkar. Jamvel yngste-broren Nils vart

bodsend frå Svelvik ved eit høve for å vera med på båtbygginga. Han var interessert i alt som var nytt og ville gjerne læra nytt. Ein gong han var heime hjå oss i Vik, oppdaga vi at han heldt på å prøva seg på ein sykkel. Vi ungane tykte det var rart at det var noko som vi kunne, men som ikkje han meistra.

Kristeleg verksemd

Tidleg byrja han å forkynna ved møter og samlingar. Det var andre naboar og som gjorde det, og dei heldt gåande ei møteverksemd kring bedehuset på Vangsnes. Eller dei hadde husmøter i heimane. Sonen Per har fortalt at han vart send i førevegen til Vangsnes for å seia frå i husa at no skulle det vera møte. I fleire vintrar reiste han som emissær for Det norske misjonsselskap. Men elles var det indremisjonen som var hjartebarnet hans. Midte Sogn indremisjon var skipa ved eit møte på Vangsnes i 1869. Samskipnaden var lenge uavhengig – utan medlemskap i Vestlandske indremisjon eller Det norske lutherske indremisjonsselskap (Landsindremisjonen). Men i stortingstida vart Per Hovland kjend med fleire av dei landskjende indremisjonsleiarane i Oslo, og han hadde nok ein finger med i spelet då Midtre Sogn indremisjon vart innmeld i Landsindremisjonen, medan krinsane i Ytre og Indre Sogn var tilslutta Vestlandske indremisjon. Han meinte at indremisjonsfolket i

Midtre Sogn hadde eit positivt syn på den offisielle kyrkja. Det gjorde det naturleg med medlemskap i Landsindremisjonen. Dette vart det ikkje lite diskusjon om.

Men krinsane samarbeidde om fleire felles tiltak, som bladet Sognevarden. Mange indremisjonspredikantar, kjende og ukjende, fann vegen til Hovland.

Han redigerte «Sognevarden» i mange år. Sjølv skreiv han mykje der. Eg kan hugsa at når han var ferdig med ein artikkel, las han den høgt for kona og døtrene. Men eg kan aldri hugsa at dei hadde innvendingar mot det han hadde skrive.

Til hjartesakene hans hørde og Sogn barneheim på Leikanger der han lenge var formann i styret. Det vart mange turar til «Heimen» på Systrond. Ein av gutane derifrå fekk koma til Hovland og ha sin heim der så lenge han levde.

Som predikant var han intens og ivrig. Han tala fort, og budskapet var prega av både alvor og truslede. Ein uvane hadde han på preikestolen, han tok stadig opp att uttrykket: «Og så

videre, og så vidare.» Som gutunge hadde eg moro av det, men tykte at det var litt flautt og.

Då eg sjølv hadde byrja på misjonsskule og ein gong skulle åpna eit samver på bedehuset i Vik, tykte han visst at det var fint. Før eg reiste frå Hovland den dagen, prøvde han å få meg i tale. «Eg hugsar godt fyrste gongen eg skulle seia noko på bedehuset,» sa han. Det var nok ein invitasjon til samtale. I dag er angrar eg på at eg ikkje var frimodig nok til å vera med på det.

Indremisjonsarbeidet drog han på fleire reiser. Han var gjerne med på generalforsamlingane i Indremisjonen. Eg veit at han var på ei slik i Sarpsborg ein gong. Då køyrde nevøen hans han til Hans Nielsen Hauges barndomsheim i Rolvsøy. Det var den bygda der eg kom til å vera sokneprest i over 13 år, og min son og mi svigerdotter bur i dag i Hauge sin barnsdomsheim og har tilsyn med Hauge-museet. I desse åra har eg ofte tenkt på at bestefar har vore her.

Jamvel om han hadde sine hjartesaker, var han ikkje einsidig. Han tok på



Frå ei av dei sokalla Kongshaugstemnene som vart arrangert tre år, i 1937, 1938 og 1939. Krigen sette ein stoppar for fleire arrangement. Kyrkjelydane i grannebygdene Vangsnes, Feios og Vik hadde kyrkjestemna på Kongshaug med prestane frå Vik, Balestrand og Leikanger til stades. Desse prestane delte broderleg programmet mellom seg. I 1939 var det 2-300 menneske med, og stemna var 23. juli. Det var naturleg nok mest yngre folk til stades på ein fjelltopp 1000m over havet, men Feios-bonden Sjur Tveit som då hadde runda 80 år, tok og turen.

Det vert sagt at ein kan sjå sju prestegjeld frå Kongshaug, og det vart nok høgtidsstemt under ein so høg kyrkjekjelyv.

Her ser me prestane Søvde, Daae og Reed frå Vik, Leikanger og Balestrand. Nr 2 frå venstre framme er Endre Lidal, og ved Søvde sit Per T Hovland og Olav Linde. Litt lenger bak sit Tor Hovland.

seg oppgaver i andre organisasjonar og arbeidslag og. Såleis var han medlem av Bjørgvin bispedømmeråd frå 1934 – 45. Frå 1937 var han nestformann i rådet. Han var med i krinsstyret for Santalmisjonen, og i styret for mange kristeleg foreiningar i Sogn.

Politikk

Også i det politiske livet var han svært aktiv. Han var medlem av Balestrand formannsskap frå 1900 – 1925. Frå 1904 – 1922 var han varaordførar, og ordførar 1923 – 25. I ei årrekke var han med i skulestyret – i fleire år som nestformann. Han sat i fattigstyret og likningsnemnda, var formann i forstandskapet i Balestrand sparebank, og revisor 1909 – 18. Han var «åstedsforlikskommissær» og vart nytta i skjønns- og utskiftingsforretningar.

I 1919 vart han vald til stortingsrepresentant for Nordre Bergenhus amt, vald av Høgre. Ved neste val vart han ikkje renominert på ein slik plass at han kom inn. Han hadde kome i konflikt med partiet i eit spørsmål om alkoholavgjevinga. Han var skuffa over at han ikkje vart nominert på sikker plass og ringde heim til eldste sonen for å seia at no var han ferdig med politikken.

Men slik vart det ikkje. Ti år seinare, i 1931 vart han innvald som representant for Bondepartiet, no for Sogn og Fjordane fylke. Det vart to periodar, fram til 1936.

I stortingstida var han medlem av

protokollkomiteen og vegkomiteen den fyrste perioden. Seinare sat han i sosialkomiteen og administrasjonskomiteen der han og var sekretær.

Titelen stortingsmann vart hengjande ved han. I brev og helsingar stod det stortingsmann Per Hovland i påskrifta. Og slik vart han presentert når han f. eks. skulle tala ein stad.

I stortingstida vart han kjend med mange interessante personar. Eit gruppebiletet av stortinget som framleis heng på Hovland, viser mellom andre Johan Falkberget. Men det gjevaste biletet er eit der han står saman med Kong Haakon.

Livskvelden

Eit av dei siste minna eg har frå bestefar er frå ei vitjing på Hovland i studietida mi. Han var oppteken med eitt eller anna skrivearbeid. Men så sette han seg godt attende i stolen, bøygde hovudet bakover med hendene rundt nakken. Han sat i djupe tankar, kanskje i bøn. Eg var aleine saman med han i kammeret, og eg tenkte: Slik vil eg hugsa han. Eg har fått med meg sterke inntrykk av ein heilstøypt, sterk person, ein som og kunne vera mild og venleg, som var interessert i mangt og mykje, og som gjerne delte nokre av roynslene sine med den yngre generasjonen.

Siste gongen han vitja oss i Vik, var sumaren 1957 da han var med på Vikjællstemna ved Målset. Den 17. september 1957 vart han ramma av hjer-

neslag. I dei dagane han låg sjuk, kunne han ikkje snakka. Men dei høyrde at det var noko han prøvde å seia, eit ord som han stotra på, opp att og opp att. Det var ei av døtrene som oppfatta det til slutt. Han prøvde å seia: »Effata.» Det var det ordet Jesus sa då han lækte ein døvstum, og som er referert på originalspråket i Bibelen. «Lat deg opp!» tyder det. Det var nok tungt for den talføre mannen å oppleva at han ikkje kunne gje seg til kjenne.


Om morgonen den 23. september døydde han.

Gravferdshøgtida vart halden i stova på Hovland. Det kom helsingar frå nære og fjerne slektningar, vener og medarbeidarar, og han vart minna frå Stortinget sin talarstol.

Då kista vart boren ned Hovlandsvegen, stod bestemor att. Ho var ikkje sterk nok til å fylgja til kyrkjegarden på Vangnes. Ho hadde vinka han avstad så mange gonger før då han reiste. Mykje av ansvaret for garden og heimen, og ikkje minst for borna, hadde ho bore. Dei stod godt til kvarandre, dei to. Ho døydde i 1960.

Å skriva om bestefar, har vore ei fin oppleving. Eg ynskjer med desse linjene å knyta ein minnekrans om namnet hans. Han har alltid stått som eit ideal for meg – eg er glad og takksam fordi eg fekk læra han å kjenna.

Per Hovland



Stortingsmann Per T. Hovland atmed kong Haakon VII ombord på M/S «Venus» 30. april 1931. Storting og statsråd var Bergenske DS-selskaps gjester på jomfrutur på Oslofjorden.

Fint pynta alle saman, med kvite stivekragar, og berre menn sjølvsagt. Eigar alle bilete: Teodor Hovland